



HJELMELAND
KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
040/26	Areal- og forvaltningsutvalet	PS	19.05.2026
065/26	Formannskapet	PS	20.05.2026

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingunn Varanes	K2-K54	14/825

Høyring - søknad om ny konsesjon for uttak av vatn i Hetlandsvatnet

Vedlegg:

Kunngjering - Høyring av søknad om ny konsesjon for uttak av vatn i Hetlandsvatnet i Hjelmeland kommune, Rogaland
5963521_1_1.PDF

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt frå Fister Smolt. Så langt ein kan sjå vil fordelene vera større enn ulempene.

Hjelmeland, den 05.05.2026

Janne Johnsen
Kommunedirektør

Areal- og forvaltningsutvalet 040/26

AFU - behandling:

Behandling:

Røysting

Forslag samrøystes vedteken.

AFU - vedtak:

Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt frå Fister Smolt. Så langt ein kan sjå vil fordelene vera større enn ulempene.

Formannskapet 065/26

FSK - behandling:

Behandling:

Tilleggsforslag, foreslått av Dagfinn Svadberg Hatløy, Senterpartiet

1. Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt frå Fister Smolt. Så langt ein kan sjå vil fordelene vera større enn ulempene.
2. Hjelmeland kommune viser til at Fister Smolt AS i tidlige konsesjon frå NVE er pålagt å fjerna to fiskesperrer nederst i Fisteråna slik at det ikkje er noko som hindrar oppgang av laks og sjøaure.
 - Hjelmeland kommune meiner det er avgjerande viktig at fiskesperre/vandringshinder i Fisteråna nede ved Fisterfjorden blir gjennomført fjerna. Alt ligg til rette for dette med bakgrunn i den avtala som er inngått mellom grunneigar på gnr 74, bnr 2, og Fister Smolt 04.07.25 (vedlegg 17 i konsesjonssøknaden)
3. Hjelmeland kommune forventar at vandringshinder lenge opp i Fisteråna, to kulvertar som går under fylkeskommunal veg, blir utbetra av ansvarleg Rogaland fylkeskommune

Røysting:

Endringsforslag frå Hatløy (SP):

Pkt 1(Tilsvarande opprinneleg forslag): Samrøystes vedteke

Pkt 2: Falt mot 5 røyster (H, AP, Kleppa og Riskedal (SP) stemte imot)

FSK - vedtak:

Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt frå Fister Smolt. Så langt ein kan sjå vil fordelene vera større enn ulempene.

Samandrag

Fister Smolt AS har søkt om løyve til endring av reguleringsregime for Hetlandsvatnet. Endringa omfattar ei endring i tid, til å kunne regulere mellom kote 45,8 og 46,4 heile året. Kommunen gjev høyringsuttale til NVE som handsaamar saka. Endringa er av stor betydning for driftssikkerhet for Fister Smolt, og kommunedirektøren tilrår ein positiv uttale.

Partar i saka:

Fister Smolt AS

NVE

Fakta

Fister Smolt AS har søkt NVE om løyve til endring av reguleringsregimet for Hetlandsvatnet. I gjeldande konsesjon har Fister Smolt AS løyve til å regulere Hetlandsvatnet mellom LRV på kote 45,8 og HRV på kote 46,4 mellom 15. november og 1. april. Dei søker no om at denne reguleringa skal gjelde heile året. Bakgrunn for dette er utfordring med å oppretthalve minstevassføring i sommarmånadane då det naturlege vasstilsiget er mindre enn behovet for uttak av vatn. Kommunen er høyringspart i saka.

Lovar, føresegner, rundskriv

Vassressurslova

Økonomiske konsekvensar

For kommunen - ingen direkte

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

Gjeldande konsesjon for regulering av Hetlandsvatnet

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø

Det er utført undersøkingar som tilseier at den biologiske tilstanden er god. Ettersom endringa gjeld tidsperiode og ikkje fyllingsgrad vurderer ein at påverknad på naturmangfaldet er venta å vere liten samanlikna med dagens situasjon. I samband med søknaden har Norconsult vurdert tilstand og konsekvensar for naturmangfaldet i og rundt Hetlandsvatnet og Fisteråna, og funne at endra regulering vil ha liten eller ingen negativ konsekvens og for nokre punkt vil vendinga kunne vere positiv.

Konsekvensar for barn, unge, eldre, folkehelse og menneske med nedsett funksjonsevne

Ingen

Vurdering av universell utforming

Ikkje relevant

Innkome uttalar

NVE har bedt kommunen publisere høyringa i sine kanalar. Eventuelle høyringsuttalar skal i utgangspunktet sendast direkte til NVE. Det er så langt ikkje kome merknadar eller reaksjonar som er sendt kommunen. Dersom slikt kjem etter at saka har vore handsama politisk vil desse verte vidaresendt til NVE.

Vurdering og konklusjon

Ei endring av reguleringsregime vil bety auka tryggleik for Fister Smolt for at dei har tilstrekkeleg vassforsyning for drifta også ilar sommarhalvåret. Det vil også vere ei auka trygging for at dei klarar oppretthalde konsesjonsvilkåra med ei minstevassføring og ei minstevassstand i Hetlandsvatnet. Ettersom det ikkje reguleringssona er den same som i dag, vil ikkje nye areal verte påverka av reguleringa. Det er i søknaden opplyst at det er inngått nye avtalar med dei berørte grunneigarane og gjort tiltak for sikring mot erosjon. Ut frå det kommunedirektøren forstå er alle relevante omsyn ivaretatt. Endringa er viktig for driftssikkerhet for Fister Smolt, og kommunen tilrår at NVE innvilgar den omsøkte endringa i konsesjonen.